

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Meland kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2184 - 14/6981

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2014

## GRASDAL SKULE - TILSYNSRAPPORT OG GODKJENNING AV PAVILJONG

Den 21.03.14 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." ved Grasdal skule. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert. Rektor Irene H. Hugaas møtte for verksemda.

### ➤ **Tilsyn**

Det er for tida 105 elevar ved Grasdal skule.

Skulen har i november 2013 bygga og opna ei paviljong som inneheld eit klasserom på 90 m<sup>2</sup> (rommet kan avdelast med lydtett skiljevegg, slik at det vert 2 klasserom), grupperom på ca. 20 m<sup>2</sup>, samt garderobe og toalett. Det er ikkje søkt om godkjenning etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." for paviljongen.

#### • **Avvik som vart påpeika**

#### **§ 9; Utforming og innreiing**

1. Gymnastikkbygg: Det manglar deksel på 2 lysarmarturar i jentegarderobe.

#### **§ 11; Måltid**

2. Det manglar rutinar for kontroll av temperatur på kjøl og frys i verksemda. Prosedyre for kontroll må utarbeidast. Temperatur for kjøl skal vera -1 – 4°C og frys < -18°C. Dette vart påpeika ved tilsyn i 2008 og 2011.

#### **§ 13; Reingjering og vedlikehald**

3. Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at hovudreingjering er utført.

#### **§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap**

---

##### **Post**

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

##### **Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

4. Det manglar rutinar for kontroll av apparat i gymnastikksal. Utstyret må kontrollerast jamleg, og skulen skal ha skriftleg dokumentasjon på utført kontroll.
5. Uteområdet: Fallunderlag var tettpakka og ikkje tilfredsstillande. Leikeplassutstyr og fallunderlag må kontrollerast og vedlikehaldes etter *Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr* og Norsk standard NS-EN 1176 og NS-EN 1177. Skulen skal ha skriftleg dokumentasjon på utført kontroll.
6. I samband med bygging av paviljong er det nå ei skrent bak bygget som ikkje er tilfredsstillande. Det er høgt ned og mange skarpe steinar. Tiltak for å betre forholda må utførast.

### **§ 23; Sanitære forhold**

7. Vasskranar som som dei minste nyttar manglar skåldesperre. (Toalett i grøn garderobe og paviljong).
8. Toalettsete på HK-toalett i blå garderobe er rissa opp, og ikkje hygienisk tilfredsstillande. Dette må skiftast.
9. Vask på «store blå» har sprukket. Ved utskifting bør det vurderast vaskerenne, grunna elevtalet.

### **➤ Observasjon**

### **§ 9; Utforming og innreiing**

Kjøkken som SFO nyttar er slitt. Reperasjon eller utskifting bør vurderast.

### **§ 19; Inneklima/luftkvalitet**

Det bør vera termometer i kvart klasserom.

### **➤ Vurdering av paviljong**

Paviljongbygg tilfredsstiller krava til godkjenning etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."

### **➤ Vedtak**

- Avvik nr. 1, 2, 7 og 8 må rettast innan 01.05.14.
- Avvik nr. 3 må rettast ved neste hovudreingjering.
- Avvik nr. 4, 5 og 6 må rettast innan 01.07.14
- Avvik nr. 9. Vask må skiftast evt. vurdere vaskerenne innan 01.08.14.

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Paviljong ved Grasdal skule godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.

Vurdering om godkjenning vert gjeve etter tilsyn den 23.03.14.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

I samband med påleggget viser ein til Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når manglane er retta opp.

Dersom det er spørsmål i samband med denne saka, ring gjerne Miljøretta helsevern på 56375770 / 95019609.

Med helsing

Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern – Lindås kommune

Rådmann  
Utval for levekår  
Jens Dahl

**Mottakere:**  
Meland kommune